



Dag Helland, trebåtentusiast i Beinavikjo, med færingar og gamalt naust

Dag Helland må kallast ein trebåtentusiast. No er han pensjonist og har god tid til hobbyen sin,- færingar, gamalt naust og fiske. Saman med Henny er han ute heile dagen, -bøter garn, restaurerer trefarty og set i stand eit naust med trevirke truleg tilbake til 1700 talet.



Sjøens Fokevogn (16,5 fot) bygd i Gullvikjo og Oselvaren (19 fot)

To sjeldne færingar ligg i stranda. Den eine er ein staseleg Oselvar på vel 19 fot. Den andre er ein trebåt bygd i Gullvikjo som vart kalla Sjøens Folkevogn. Namnet fører oss til Gustav Bergstø og brorsonen Leif Jarle Bergstø. Olaf Agnar Gausvik skriv om Sjøens Folkevogn i boka si om Gustaven og dei siste mohikandarane.

Johan Varanes teikna i si tid ein 16,5 fotar trebåt. Færingen vart bygd med kjøl og spant i eik, klinka saman med skorne bordgangar i furu. Båten er laga for påhengsmotor med storleiken 4 – 10 hestekrefter. Dag Helland har fått hand om ein slik båt. Eigar har vore Sigmund Leite.

Båten er i god stand, men skal pussast og oljast på nytt. Helland har fleire færingar, mellom anna ein strandabarmar som ligg i Bøkkerverkstaden på Rød.

Tekst/foto: Kristian Bringedal

Nett: Thor Inge Døssland